



Helge Selseng
Rådalslien 137
5239 RÅDAL

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/734 - 14/14548

Saksbehandlar:
Merethe Tvedt
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:
26.09.2014

Ny søknad om tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg til fritidsbustad på Gbnr 51/93

Administrativt vedtak. Saksnr. 270/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad etter Plan- og bygningslova § 20-2 motteken 12.09.2014 i Meland kommune. Søknaden gjeld oppføring av tilbygg på 42,9 m² til fritidsbustad på gnr 51, bnr 93 på Landsvik.

Søknaden er revidert, då gamal søknad gjaldt tilbygg til fritidsbustad, der tilbygget var plassert 16 meter frå vegmidte til fylkesvegen. Eksisterande hytte i dag ligg 23,5 meter frå vegmidte. Dispensasjonssøknad var sendt Statens vegvesen frå byggeforbodet på 50 meter frå fylkesveg. Statens vegvesen uttalte at de stilte seg negativt til oppføring av tiltak nærare fylkesvegen, enn det eksisterande hytte gjer i dag. Men uttaler at de ikkje vil motsette seg eit tilbygg som ikkje kjem nærare vegen enn det eksisterande hytte gjer i dag. Ny søknad er revidert og tilbygget er plassert i bakkant av eksisterande hytte, lenger frå fylkesvegen.

Vurdering:

Planstatus:

Eigedommen ligg i kommuneplanen sin arealdel som LNF-område (landbruk,- miljø,- og friluftsområde). Eigedommen er bebygd og krev difor ikkje dispensasjonshandsaming frå forbod om bygging i LNF- område for oppføring av tilbygget.

Tiltaket ligg innanfor 50 meter til fylkesveg. Kopi av vadtak vert sendt Statens vegvesen.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 11.09.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Det er motteken erklæring frå eigar av gnr 51, bnr 12, om løyve til oppføring av tiltak inntil 1,3 meter får felles eigedomsgrense.

Plassering av tiltaket:

Tiltaket må plasserast som vist på situasjonskart motteke 26.08.2014. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløyving og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyving og utsjånad og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til oppføring av tilbygg til fritidseigedom på 42,9 m² på gnr 51, bnr 93 på Landsvik, i samsvar med søknad motteke 12.09.2014.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar motteke 12.09.2014.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm

Opplysningar om bygget,- type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søkjar- som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyve bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak. Saka er handsama og gpdkjend administrativt i medhald av delegert mynde.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt
byggjesakskonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Kart og teikningar

Ny søknad om tiltak utan ansvarsrett - oppføring av tilbygg til fritidsbustad

Kopi til:

Statens vegvesen Region vest

Askedalen 4

6863

LEIKANGER

